

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 17/21. Opplegg for reinjakta – disponering av fellingsløyva, samjaktavtalar m.v.

### Saksopplysing/vurdering

Villreinnemnda har vedteke ein fellingskvote på 60 løyve for Nordfjella, fordelt med 15 frie, 20 simle/ungdyr og 25 kalv. Dette er ein stor nedgang i høve til tidlegare år, sjølv sagt grunna det låge talet på rein som vart funne i området i vinter. Aurland får tildelt 21 fellingsløyve, og truleg får fjellstyret omlag 10 av desse til fordeling. For Hardangervidda er stoda den motsette; fellingskvoten er større enn på mange år, grunna tiltak for å reduserea stamma, og då særleg bukkesegmentet. Det må difor pårekna ein stor fellingskvote for området HA 28 Broksfjellet, som sorterer under Hardangervidda, sjølv om dyra som kjem innom der stort sett kjem frå Nordfjella. Denne nye stoda krev at fjellstyret går gjennom ein del av dei ordningane og den praksisen som er etablert kring tildelinga og jakta dei siste åra, helst i samråd med grunneigarsida. Følgjande ordningar kan vera aktuelle å sjå på:

- Førstegongssøkjarar under 20 år vert prioriterte ved trekninga. Dette vart nemnt i utlysinga på fjellstyret si heimeside og i «Aurlendingen,» og er såleis vanskeleg å gjera noko med. Kanskje bør ein oppmoda om at desse opprettar jaktag, slik at fleire får høve til å vera med og jakta? I den nye forskriften om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning har avsnittet om jaktag fått denne ordlyden: *Fjellstyret kan tillate at jegere organiserer seg i jaktag når minst en av jegerne har fellingstillatelse. Tillatelsen til å organisere jaktag skal under jakta medbringes av den som er ansvarlig for jaktaget. Den som har fått utstedt fellingstillatelsen, skal ha med denne under jakten.*
- Fjellstyret har gjort vedtak (sak om å tildela eit fellingsløyve for rein til vinnaren av trekninga mellom deltakarane i jaktkarusellen som skytarlaget Aurland og Stålring arrangerer saman med Aurland jakt- og fiskelag. Det må bestemmost kva type fellingsløyve dette skal vera.
- Deit to siste åra har fjellstyret sett av nokre fellingsløyve som dagskort. I fjar vart 5 kort for fritt dyr sette av. Desse har gjerne vorte brukt av fleire jegerar, og såleis gjeve litt betre felling enn gjennomsnittet elles. Spørsmålet er om denne ordninga skal nyttast i år, med så få løyve totalt.
- Samjaktavtalen med dei andre valda i Nordfjella. Denne avtalen starta i fjar mandag den 31. august, og gjekk då samanhengande ut jakta, både helg og kvardag. Med så få løyve totalt i Nordfjella, vert det i alle fall ikkje noko problem med jegerkonsentrasjon i jakta i år. Eg ser såleis ikkje noko problem med å halda på den same ordninga og innslagsdatoen som i fjar.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

*Sak 17/21, side 2*

- Statsallmenningen Broksfjellet utgjer 8.350 daa, og er samanslege til eit felles vald med fleire private sameiger. Valdet er på knapt 31.000 daa. Med ein fellingskvote på 8000 vaksne dyr på Hardangervidda, tilseier dette 8 fellingsløyve på statsallmenningsdelen av vald HA 28, fordelt 50/50 på fritt dyr og vaksen bukk. Kvart fellingsløyve gjev og høve til å fella ein kalv. Me veit, ut frå erfaringa frå dei siste par åra, at det meste av den bukken som kjem innom Broksfjellet i jakta truleg vil vera Nordfjellabukk. Spørsmålet er om det vil vera rett å utsetja desse bukkane for eit hardt jakttrykk her, når forvaltinga i Nordfjella har gjeve så tydelege signal om å spara på bukken. Det optimale ville nok ha vore å få dirigert nokre av desse korta til meir sentrale deler av Hardangervidda, for å få nytta dei på den stamma dei er mynta på. Utfordringa er at på Vidda er kortmengda så stor frå før, at det neppe er noko interesse for å ta imot jegerar eller kort, i alle fall ikkje å betala noko for korta. Saka er tidlegare i vår drøfta med Ulvik fjellstyre, som kjem borti den same problemstillinga. Der var haldninga at ein må prøva ha ei forsiktig jakt, ut frå at det er Nordfjelladyr det vert jakta på. Fjellstyret har eit par verkemiddel; halda att nokre av fellingsløyva (ev senda til meir sentrale vald på H.vidda), eller korta inn jaktpérioden desse korta skal kunna nyttast. Sidan fjellstyret samarbeider med private om eit felles vald, bør problemstillingane drøftast med dei andre eigarane, med sikte på å koma fram til felles opplegg.

### Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret vidarefører ordninga med å prioritera førstegongssøkjarar under 20 år i trekninga av fellingsløyva for rein. Dersom det er fleire slike søkjarar enn tal fellingsløyve å fordela, vert dei eldste innanfor denne gruppa prioriterte. Alle som får tildelt fellingsløyve vert oppmoda om å danna jaktag, slik at fleire får delta i jakta.
- Det vert sett av eit fellingsløyve for ..... til jaktkarusellen.
- Det vert i år ikkje noka ordning med sal av dagskort for reinsjakt.
- Fjellstyret går inn for at samjaktavtalen med dei andre valda i Nordfjella vert vidareførd med same innslagsdato som i 2020, 31. august.
- Fjellstyret tek opp drøftingar med dei andre grunneigarane i valdet HA 28 Broksfjellet, med sikte på å redusera jakttrykket på Nordfjelladyr som ein kan risikera å få med den kvoten som området vert tildelt av Hardangervidda-forvaltinga. Bruk av deler av kvoten meir sentralt på Hardangervidda kan vera ei løysing, dersom ein får oppretta avtalar. Mindre omfattande samjaktavtalar innan området enn dei ein har hatt før kan vera aktuelt.

Fjellstyrekontoret, den 12.5.21

Harald Skjerdal